



## Vedlegg 2: Rutine for Vestland tannhelseteneste ved sending av bekymringsmelding til barnevern

### Funn

- Journalfør funn objektivt og nøyaktig
- Dersom funna er kliniske, skal dette dokumenterast
- Ta kliniske bilete om det let seg gjere. Dette er særskild viktig ved trauma og atypiske funn

### Åtferd

- Beskriv åtferda til pasienten. Det treng ikkje vere atypisk åtferd

### Vurdering og støtte

- Kontakt lokalt barnevern og/eller ressursgruppe barnevern i Vestland tannhelseteneste dersom det er behov for å få diskutert saka anonymt. Dei kan vere til støtte og hjelp når du vurderer om det bør sendast varsel til føresette eller bekymringsmelding. Kontaktopplysningar til ressursgruppa er:
  - Felles e-postadresse til ressursgruppa: [teams-tan-barnevern@vlfk.no](mailto:teams-tan-barnevern@vlfk.no)
  - Personar i ressursgruppe barnevern VLFK:
    - **Ingfrid Vaksdal Brattabø** - tannpleiar/forskar ved TK Vestland
    - [ingfrid.vaksdal.brattabo@vlfk.no](mailto:ingfrid.vaksdal.brattabo@vlfk.no), tlf: 98 90 72 36
    - **Anne Fjæra Skåtøy** - leiande tannhelsesekretær/konsulent ved TKVestland
    - [anne.fjera.skatoy@vlfk.no](mailto:anne.fjera.skatoy@vlfk.no), tlf: 46 63 95 90
    - **Mona Nilsen** - tannpleiar og klinikkleiar ved Årdal tannklinikk
    - [mona.nilsen@vlfk.no](mailto:mona.nilsen@vlfk.no), tlf: 57 66 30 44
    - **Ingvild Osland Boge** - tannlege ved Høyanger tannklinikk
    - [ingvild.osland.boge@vlfk.no](mailto:ingvild.osland.boge@vlfk.no), tlf: 57 63 70 73

### Dialog med pasient og føresette ved bekymring for nedsett oral helse

- I tilfelle der barn og unge (0-16 år) har nedsett oral helse, er det viktig å få ein god dialog med barnet og føresette og tilby opplæring i oral hygiene og kosthald samt tett oppfølging på tannklinikken. Opplæringa må vera tilpassa alderen til barnet, utvikling og evt. språklege utfordringar hos barn og føresette.
- For pasientar under 16 år som kjem aleine til tannklinikken, ta kontakt med føresette fortrinnsvis på telefon og informer om den nedsette orale helsa til barnet. Informer pasienten om at du vil ta kontakt med føresette.

- I tilfelle der opplæring og tett oppfølging er gitt og ein opplever:
  - at den orale helse framleis ikkje blir ivaretatt og/eller
  - at føresette ikkje fylgjer opp timeavtaler eller bryr seg om barnets orale helse gjev grunn til bekymring for vanskjøtsel. I slike tilfelle kan ein informere føresette om at ein framleis er bekymra for barnets orale helse og utvikling og på bakgrunn av dette vil ta kontakt med barnevernet slik at dei kan få hjelp.

Journalfør all kontakt med pasient og føresette, behandling, opplæring og oppfølging.

### **Varsel til føresette om bekymringsmelding til barnevernet**

- Føresette skal **ikkje**, på grunn av fare for tap av bevismateriale, kontaktast, få varsel eller ha kopi av bekymringsmelding dersom det er mistanke om vald og seksuelle overgrep
- Journalfør sending av varsel i pasienten sin journal i Opus i tråd med «*Rutine for å registrere kontakt med føresette og barnevern i Opus*». Bruk førehandslagra tekst under Diverse Tekst i Opus «*2001 Sendt ikkje møtt brev 2 - varsel til føresette om bekymringsmelding til barnevernet*»

### **Bekymringsmelding til barnevernet**

- Kontakt kommunalt barnevern (eller politi) dersom objektive funn, åtferdsending eller avvikande forklaring gir grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller annan alvorleg omsorgssvikt, jf. helsepersonellova (§ 33 a-d) Send bekymringsmelding til barnevernet ([vedlegg 3.1](#))
- Ved mistanke om vanskjøtsel, send kopi av bekymringsmelding til føresette. Ved mistanke om vald og overgrep skal det **ikkje** sendast kopi til føresette, på grunn av fare for tryggleiken til barnet og tap av bevismateriale.
- Journalfør sending av bekymringsmelding i pasienten sin journal i Opus i tråd med «*Rutine for å registrere kontakt med føresette og barnevern i Opus*». Bruk førehandslagra tekst under Diverse Tekst i Opus «*2002 Sendt bekymringsmelding til barnevernet*»
- Send anonym kopi av bekymringsmelding til ressursgruppe barnevern i Vestland tannhelseteneste til: [teams-tan-barnevern@vlfk.no](mailto:teams-tan-barnevern@vlfk.no)
- Send e-post med pasienten sitt journalnummer til aktuell klinikkleiar. Klinikkleiar gjer ei vurdering om det er grunn til bekymring eller ekstra merksemd for fleire pasientar, som t.d. søsken. Klinikkleiar har det overordna ansvaret for alle pasientar tilhøyrande klinikken og har dermed ansvar for ivaretaking av søsken i saker som omhandlar bekymring.